

# GROVEN



*Av Knut Raastad, skrivi i 2004*

*Groven ligg i Nordherad, vest for Vetleseter. Namnet er og skrivi Kulgraven og Kolgroven. Det kjem av at det var brend kol der, det er funne kol i jorda nørdest på jordet. Husa skal ha stått lenger nord på jordet, stugu vart flytta av Ivar Vetlesæter i 1884. Ein takås viser Anno 1716, men det kan vera at stugu er flytta frå annan stad. I 1800 er nemnd at ryddinga av plassen begynte for noko over 20 år sidan. Peder Rasmussen 1744-1832 var i 1801 nemnd som husmann og skomaker. Peder var frå oppigard Visdal, og i 1792 selde han saman med brødrene sine Visdal til broren Nils. Peder er i folketellinga nemnd under Mo, og han hadde husmannsseddel utstedt av John Mo som meinte å eige plassen p.g.a. hevd. I 1809 døydde ein Knut Kolgraaven 57 år gammal. Kven dette var er uvisst, men ein spekulasjon er at dette kan vera Knut Johannessen Mo f. ca. 1749. Viss han var den fyrste i Groven kan dette forklare tilknytninga til Mo.*

*Soldat Peder Rasmussen 1744-1832 vart i 1782 gift med Ane Olsdotter (Sønsteng?) 1747-1832. Peder og Ane hadde barna Imbjør 1781-1855, gift 1812 med Tord Siverson, i 1818 budde dei i Groven, barna var*

*Anne Thorsdotter 1815-1817*

*Anne Thorsdotter 1818-1870*

*Kari 1785-1870, gift 1815 med Jon Jacobsen Stafsen 1783-1850*

*Anne f. 1789*

*Rasmus 1790-1857, neste brukar*

*Rasmus Pedersen fekk i 1813 bygsel frå fogden, og ved dom i høgsterett i 1824 vart denne oppretthalde. Påstanden frå Johannes Mo om eigedomsrett på plassen vart dermed ikkje godteke. Rasmus Pedersen vart i 1818 gift med Anne Amundsdotter Lillesæter 1796-1860, dei hadde sonen*

*Peder 1817-1881, neste brukar*

*Peder Rasmussen fekk feste på Kulgraven i 1862. Han vart i 1853 gift med Marit Hansdotter Lyeneie (Flatmoen)1821-1868, dei hadde barna*

*Rasmus 1847-1851*

*Kari f. 1850, gift med Jakob Grovdalen f. 1859, dei reiste til Amerika (Colorado)*

*Rasmus 1854-1922, neste brukar*

*Hans f. 1856, til USA i 1882, arbeidde i gruvene i Colorado*

*Anne f. 1859, døydde som lita*

*John f. 1865, døvstum, budde i Oslo*

*Ole, f. ca. 1867, til St. Olaf i Dakota i 1888, arbeidde i gruvene i Colorado, forsvann og familien høyrde ikkje meir til han*

*Rasmus reiste til Amerika i 1885, men kom att etter 4-5 år. I 1883 fekk han feste på Kulgroven i Nordherad Statsalmenning, og i 1916 fekk han kongeskjøte på gnr. 77 bnr. 1 Kolgroven for kr 800,-.*

*Rasmus Pedersen vart i 1882 gift med Brit Hansdotter Bondesons plass 1862-1933, ho var dotter til Hans Bondestugu og Gunhild f. Bakken. Rasmus og Brit fekk barna*

*Marit f. 1883, kam att frå Amerika, vart gift på Fron*

*Hans f. 1885, arbeidde i gruvene i Colorado, men kom heim att da mora vart einsleg flytte i 1930 til Slettmo.*

*Gunhild f. 1892, døydde i Amerika*

*Anne 1896-1952*

*Inger f. 1899, gift med Anders Bakken som dreiv snikkerverksted, dei overtok Slettmo i Vågåmo i 1928.*

*Ole f. 1902, gift med Sigrid frå Eggedal, kom til Midtli som lærar i 1938, seinare på Tessand og Vågåmo, Både han og Marit Nygjerdet hadde skule i Groven ford eine skulerommet på Midtli var brukt til bustad.*

*John f. 1904, arbeidde i politiet, til slutt på Lillehammer*

*Hans Groven fekk i 1926 skjøte på Groven frå Rasmus Grovens enkje for kr 5000,-, men alt i 1930 flytte han til Slettmo. Det var systera Anne og hennar mann Johannes Runningen 1892-1982 som overtok, men skjøte er ikkje skrivi før i 1936. Anne og Johannes budde i Ulsbustugu før dei flytte til Groven, og dreiv seinare båe bruka. Dei hadde barna*

*Ragnhild f. 1915, neste brukar*

*Bjarne f. 1922, gift med Marie Visdal n. Valde*

*Kari f. 1924, gift med Jens Skogstad*

*Ragna f. 1927, gift med Pål Stokstad*

*Astrid f. 1930, gift med Sigurd Hølmo*

*Ragnhild vart i 1940 gift med Jo Aabakken 1906-1976, dei overtok Groven i 1964. Dei hadde barna*

*Ola f. 1940, gift med Ragnhild Kleiven*

*Jon f. 1942, gift med Marta Lid*

*Anne f. 1943, gift med Helge Hovden 1943-1981*

*Leif f. 1947, gift med Alfhild Wangestad*

*Erling f. 1949, gift med Solveig Elisabeth Stemme*

*Alle syskjena overtok Groven saman i 1994.*

*I 1875 var det i Groven 2 kyr, 6 sauer og 3 geit, medan det vart sådd  $\frac{3}{4}$  tønne bygg og 1  $\frac{1}{2}$  tønne poteter. Ti år før var det hest i Groven også.*

*Kjelder: Norsk Gardsbruk 1953 – 1997*

*P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, s. 158, 163*

*M.Lyng/G.Tank 1801/1923:*

*Beskrivelse usolgte almenninger .., s. 77, 160*

*Panteregeister/grunnbok*

*Folketelleing 1801, 1865, 1875, 1900*

*Utskrifter kyrkjebok for Vågå*

*Ragnhild Aabakken: munnleg fortald*